

## Ny Operasjon Buskmann!

30.03.2012



God jobb gjort i Halsabrotet

Hugsar du at det for svært mange år sidan vart gjennomført ein kampanje som vart kalla Operasjon Buskmann? No tyder mykje på at ein tilsvarande operasjon er i gang her i bygda, for det er lenge sidan så mykje vegetasjon vart fjerna på så stutt tid. Men så er det nok også lenge sidan det har vakse så fort.....



God jobb gjort rundt Systrene Nilsen

Fleire bør berømmast for vekkrydding av vegetasjon, men vi må plukke fram og peike på nokre gode døme og her er 2:

\* Innerst i Nedre Halsabrotet, nedunder snuplassen, har Frank Stensletten og Jostein Røysland fjerna buskas på ein lengre strekning. Dermed har dei gjort ei frå før fantastisk panoramautsikt enda meir fantastisk for fleire samstundes som sola slepp betre til.

\* Området rundt Systrene Nilsen er logisk nok rydda av brørne Nilsen. Ikkje berre har Geir og Endre fjerna buskaset mellom endeveggen og hamna, dei har også kutta toppana av bjørkene på to sider av bygningen. For denne siste operasjonen har vi registrert denne takken frå oppsittarar som bur relativt lågt i lendet: - Dette var smart, no ser vi fjorden for fyrste gong på fleire år.

Og det bør ikkje stoppa der med den nye Operasjon Buskmann. Til dømes er det mykje som framleis kan gjerast i Skårhaug.

Og vi tek gjerne imot tips om fleire stader med trong for opprydding.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen